

BYGG-START AS
Stongsvingen 85
4270 ÅKREHAMN
Att.Tommy Andre Bårdsen

Dato:05.12.2025
Vår referanse: 2025/8498-2
Sakshandsamar:Kjell Negarden

99/1016 - Løyve til Endring av bruk - bruksendring - Arbustøylen

Tiltak: Endring av bruk - bruksendring
Tiltakets adresse: Arbuvollen 8, 3895 Edland
Eigedom: 99/1016
Tiltakshavar: SVEINUNG STOKKEVÅG IHLE
Ansvarleg søkjar: BYGG-START AS
Bruksareal: 51 m²
Bebygd areal: 57 m²
Bruttoareal: 56 m²

Delegert vedtak: 218/25

Vedtak

Det vert gjev løyve til bruksendring som omsøkt. Bruksendringa er i tråd med reguleringsplanen.
Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.

Særlege vilkår

Særskilte vilkår som ikkje er oppgjeve i saksutgreiinga.

- **Reguleringsplanens § 5.1.2 gjev høve til bruksendring av utleigehytter til fritidshytter. Gjeld berre hytter etter § 5.1.2 i reguleringsplanen. Bygningskode endrast frå 524 til 161. Alle bruksendringar er søknadspliktige.**

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20200007 Arbustøylen.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 13.11.2025. Søknaden er dokumentert i

samsvar med søknadsskjema datert 13.11.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8498-1.
Tiltaket gjeld bruksendring av utleiehytte til fritidshytte. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er varsla 20.11.2025.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknader frå ansvarleg søkar.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknader til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne.
Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
SØK	Ansvarleg søkar	1	Bygg-Start AS	Orgnr: 927 300 397
PRO	Dokumentasjon og søknad	1		Orgnr: 927 300 397

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	
UTF	Dokumentasjon og søknad	1	Bygg-Start AS	Orgnr: 927 300 397

UTF = Ansvarleg utførande

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : Bruksendring større / varig kr. 3.920,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 51 m² / 57 m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
BYGG-START AS

Kopi til:
SVEINUNG STOKKEVÅG IHLE